

Knappen båtlag

Vedtekter

Revidert 04.07.21

- § 1: Knappen Båtlag er eit privat interesselag skipa den 30.09.1984.
- § 2: Laget sitt føremål er å fremja og ivareta medlemmane sine felles interesser i båthamn og det som står i samsvar med dette.
- § 3: Styret: Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmer + 1 varamann: Formann, nestformann, sekretær, kasserar og hannesjef. Styret er vedtaksfør når 2/3 av styremedlemmane er til stades. Funksjonstida er to (2) år, formann og sekretær, vert valde det eine året, nestformann, kasserar og hannesjef det andre året.
- § 4: Årsmøte: Medlemer som ynskjer å fremja saker på årsmøtet må senda forslaget skriftleg til styret innan utgangen av året.
Årsmøte skal haldast innan utgangen av mars månad. På årsmøtet skal handsamast:
a) Årsmelding, rekneskap, fastsetjing av avgifter og verdi av medlemskap/båtplass/, samt framlegging av budsjett/arbeidsplan for inneverande år.
b) Val styre etter reglar i § 3.
c) Val av revisorar, revisor 1 det eine året og revisor 2 det andre året.
d) Val av valnemnd, leiar det eine året og medlem det andre året.
- § 5: Årsmøtet skal innkallast med 14 dagars varsel til det einskilde lagsmedlem. Årsmøte som er lovleg innkalla er vedtaksført uavhengig av frammøte.
Formannen kallar inn til ekstraordinært årsmøte når styret bestemmer, eller når 1/3 av medlemmene ber om det.
- § 6: Kontingent og avgifter: Årsmøtet fastset kontingent og avgifter for 1 år om gongen.
- §7: Medlemsrett: Kwart medlem har rett til å ha berre ein båtplass i båthavna.
- §8: Medlems plikter: Alle medlemmene har plikt til å utføra dugnadsarbeid. Dei som ynskjer å sleppa arbeidsinnsats må betala den time/dagløn som årsmøtet fastset.
- §9: Overføring av medlemskap/båtplass:
1: Eit medlem kan ikkje overføra medlemskap/båtplass til andre, overføring skal gå gjennom styret. Overføring skal gå til gjeldanse verdi fastsett av årsmøtet. Laget er ikkje pliktig å løysa inn medlemskap/båtplass, men kan gjera det dersom det er til fordel for laget.
2: Laget tildeler ledig båtplass til nye medlemmer etter venteliste.
3: Medlemer kan fritt overføra medlemskap ved gåve eller arv til sysken, nieser, nevøer, skyldfolk i rett opp eller nedstigande line.
- §10: Den einskilde medlem kan låna bort sin båtplass med styret sitt samtykke til sysken, skyldfolk i rett opp eller nedstigande line.
- §11: Medlemmene har plikt til å syna varsemd med laget og dei andre medlemmene sine eigedomar. Den som gjer skade på annan manns eigedom må omgåande ta kontakt med vedkomande, og vedkomande må og underretta styret om skader. Det er forbode å kasta boss i området og den einskilde medlem skal halda sin båtplass i orden.
- §12: Medlemer som ikkje fylgjer vedtekter og andre vedtak på årsmøtet kan verta ekskluderte av laget. Laget skal i tilfelle løysa vedkomande ut i samsvar med §9 pkt. 1.
- §13: Styret har ansvar for å utarbeide/regulere havnereglementet.

- §14: Ved søknad om nytt medlemskap/båtplass samt ved utviding av eksisterande båtplass må det opplysast om storleik på båt. Dersom det ikkje er tilgjengeleg plass i bryggjeanlegget kan styret avslå søknaden. Søkjar kan då sjølv velje om han vil stå på venteliste vidare.
- §15: a) Vedtektsendring kan berre skje på årsmøtet med 2/3 fleirtal.
b) Oppløysing av laget kan berre skje på årsmøtet med 2/3 fleirtal.